



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
04.07.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/6981 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Retaksering av verk og bruk - skjønsmidlar - ny frist

Vi viser til brev frå Fylkesmannen av 08.juni d.å. om retaksering av verk og bruk.

Kommunane må i år retaksera dei eigedomane som blir omfatta av lovendring for eigedomsskatt, som trer i kraft frå og med 2019.

Stortinget har vedteke ei løyving på kr 72,5 mill. som auka skjønsmidlar for å kompensera kommunane for kostnader ved retakseringa. Hordaland sin del av ramma er kr 7,3 mill. Fylkesmannen skal fordela desse midlane mellom kommunane.

Kommunane vart opphavleg bedde om å gi opplysningar til Fylkesmannen om kostnader ved retakseringa innan fredag 17. august d.å. Departementet (KMD) har no forlenga fylkesmennene sin frist med å fordela midlane mellom kommunane. Vi vil difor forlenga fristen for kommunane til å gi opplysningar til Fylkesmannen om kostnadene til **onsdag 17.oktober d.å.**

Det er ikkje nødvendig med attestasjon frå kommunen sin revisor.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.